



Nordlandsbåten i Mannsvatnet er motivet på kommunen si nye heimeside. Fotografen er Harald Sætre ( 2003 ).

**Kvinnherad kommune har lansert ny heimeside. Motivet på framsida er av Harald Sætre og er henta frå fjellet i Uskedalen. Ikkje natur og solnedgang, slik du kanskje tenkjer. Nei, det er eit vakkert bilete av ein liten robåt av typen Nordlandsbåt. Eigar av båten, på den tid bilete er teke, er Kåre Vetrhus. Men kva gjer ein Nordlandsbåt i Mannsvatnet, spør du. Les meir og du får historia bak.**

Robåten på 12 fot hadde sin funksjon i Lakselv i Finnmark. Foreldra til Gudrun Døssland åtte båten. Dei hadde ein liten påhengsmotor på robåten og brukte han til fiske på fjorden. På ei reise til Lakselv kring 1996 fekk Gudrun og Halvard båten. Dei tok han på ein varehengar og lang var turen frå Lakselv til Uskedalen, heile 2500 km. Robåten vart brukt litt, men låg for det meste turt og godt på låven i løa på Døssland.

Gudrun Døssland fortel til uskedalen.no at far hennar kom frå Troms. Han vaks opp med å ro fiske. Han ville ha ein liten færing der dei budde i Lakselv, til småfiske på fjorden. Difor fekk dei laga denne vesle båten, eit smykke av ein klinka og sauma trebåt.

Venke og Kåre Vetrhus bygde hytte ved Mannsvatnet i 2001. Dei trong ein båt og dermed vart Nordlandsbåten flogen til fjells i eit av fleire helikopterhiv. Ein vinterdag med storm vart båten kasta rundt og broten ned av mykje snø. Med store skadar vart robåten teken ned til bygda. Det vart vurdert om han kunne renoverast, men det let seg ikkje gjera.

No er den vesle Nordlandsbåten frå Lakselv motivet på Kvinnherad kommune si nye heimeside. Harald Sætre er fotografen. Han let kommunen bruka bilete fritt slik det høvde best som illustrasjonsfoto. Robåten frå Lakselv er ikkje meir, men har fått eit nytt liv til glede og lærdom for alle som kvar dag er inne på kommunen si heimeside.

Tekst/nett: Kristian Bringedal  
Foto: Harald Sætre

